



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

FOCUS AS

Storebotn 55D
5309 KLEPPESTØ

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/1008-3	Jan Kvingedal	22.05.2026

Melding om delegert vedtak - søknad om rehabilitering av piper - gbnr 34/5

Administrativt vedtak saknr.: 43/2026 Delegert Teknisk utval

Adresse: Austfjordvegen 1818, 5981 Masfjordnes
Eigedom gbnr: 34/5

Tiltakshavar:	Endre Leivestad	Søkjar:	FOCUS AS
Tiltakstype:	Rehabilitering av pipe	Søknadstype:	Ett-trinns søknad

VEDTAK

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 løyve til rehabilitering av 2 piper på eigedom gbnr 34/5. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
- Tiltaket skal utførast etter Tek17, §15-1 og 15-3.
- Det skal sendast inn søknad om ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk

Erklærte ansvarsrettar for tiltaket

Funksjon	Foretak	Org.nr.	Tiltaks kl.	Ansvarsområde
SØK	Focus AS	919339918	1	Søkjar
PRO	Focus AS	919339918	1	Prosjektering oppføring av skorstein
UTF	Focus AS	919339918	1	Utføring oppføring av skorstein

Toleransegrense

Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld og for vedtak om dispensasjon.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Antal	Sum
10.1.8	Separat søknad om rehabilitering av pipe	1	1.671,-
Totalt gebyr å betala			1.671,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21- 4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om rehabilitering av 2 piper i bustad på gbnr. 34/5.

Fakta

De er søkt om løyve i ett-trinn for rehabilitering av 2 piper i eksisterande bustad på eigedommen. Pipene er av tegl og skal rehabiliterast med glidestøyp går det fram av søknad.

Vurdering

Kommune legg søkjar si vurdering av tiltaksklassar og ansvarsområde til grunn.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 2026/1008

Du kan klage på vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak som du kan klage på. Vil du klage, må du sende klage innan 3 veker frå du mottok vedtaket. Du sender ein skriftleg klage til kommunen, der det går fram kva vedtak du klagar på og kva endring du ønskjer. Meir informasjon om dine rettar for klage går fram av forvaltningslova §§ 28-36.

Eit søksmål eller krav om erstatning kan ikkje fremjast før du har brukt klageretten din fullt ut, jf. forvaltningslova § 27b.

Med helsing

Jan Kvingedal
sakshandsamar

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Kopi til:

Endre Leivestad